

RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGERDato: 01.07.2019  
Vår ref.: 2019/28-21  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen  
Dykkar ref.: 17/2180-19/10524

## Utbetaling spelemidler 2019 Grønålen bocciabane anleggsnr 64564 - Radøy kommune

Vi har motteke dykkar brev av 26. juni 2019 med oppmoding om utbetaling av løyvde spelemidler 2019 til Grønålen bocciabane.

Vedlagt følgde ferdigattest og sluttrekneskap, stadfesta av kommunerevisjonen.

Manger idrettslag fekk tildelt kr 165 000,- til Grønålen bocciabane. Revidert sluttrekneskap var på kr 329 849,-. Spelemidler vert betalt ut med inntil 50% av prosjektet sin totalkostnad for nærmiljøanlegg, med ei øvre grense på kr 300 000,-.

Etter dette kan vi melde om at kr 165 000,- av løyvde spelemidler 2019 vert overført til Radøy kommune over bankkonto 3636 07 00776.

Vi ber om at de står for utbetaling av løyvinga etter gjeldande reglar.

### Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkjarar om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Britt Karen Spjeld  
LeiarBjørg Larsen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*